

ÅRSMELDING 2021 JONDAL UNGDOMSKOR,

Framlagt og godkjent på årsmøte 30/3-23, sidan det ikkje vart årsmøte for 2022

*Administrasjon

Jondal sokneråd driv korarbeidet Solstråla, og korarbeidet er ein del av kantor si stilling. Frå hausten 2019 har sjølve undervisingsdelen til barnekoret blitt kjøpt gjennom Ullensvang kulturskule, sidan kantorstillinga i Jondal sokn vart redusert i koråret 2019/2020.

*Korforbund

Solstråla er med i kororganisasjonen Ung Kyrkjesong som samlar ca 7-8000 barne- og ungdomskorsongarar fordelt på over 300 medlemskor. Gjennom UK får koret tilsendt medlemsbladet Ung Kyrkjesong, ein får tilbod om ein del kortreff, seminar etc., og koret får frifondsmidlar gjennom Ung Kyrkjesong. Elles får ein òg, gjennom medlemsskapet, dekkja eventuelle TONO-utgifter ved ulike arrangement, dersom denne avtalen vert fornya.

2021 Jondal Ungdomskor v/ Konfirmantkoret.

På våren hadde konfirmantkoret 13 medlemmer. Også denne våren var prega av smitterestriksjonar, noko som gjorde at vi måtte flekse jamfør øvingsplan. Og sjølve konfirmasjonen vart også dette året på hausten. Kyrkjespelet vart framført 26.august og konfirmasjonen var 29.august. Konfirmantkoret hadde fine framføringar både av kyrkjespelet og på konfirmasjonsdagen.

Hautsemesteret hadde konfirmantkoret 6 medlemmer.

Koret hadde øvingsplan både vår og haust som vart mykje endra grunna pandemien.

JU deltok på 3 arrangement i 2021.

Jondal Ungdomskor v/ fast gruppe- JU hadde ikkje aktivitet i 2021.

19 ungdomar betalte kontingent til Jondal Ungdomskor for 2021.

Jondal Ungdomskor hadde i bank pr.31.12, kr. 28704,18

Av aktivitetar 2021 kan vi nemne korsamlingar, Kyrkjespelet «Deg å få skode», som konfirmantane er hovudarrangør for, Konfirmasjonsgudstenesta og Ljosmessa.

Det var JU som betalte honorar til ekstra musikarar og lyd på kyrkjespelet.

*Styret for år 2021 vart vald på årsmøtet 26.mars og samansett slik:

Tiril Stølheim Øgård (2021)	ungdomsrepresentant, nyval
Sigrid Gausvik (2021)	ungdomsrepresentant, nyval
Anne Karin Stormyr	dirigent og leiar, fast styremedlem
Synnøve Eikrem (2021-2022)	styremedlem, nyval
Kristine Utheim Gangdal (2021-2022)	styremedlem, nyval
Åse Marit Jørgensen (2020-2021)	representant frå soknerådet, ikkje på val
Hilde Eide (2020-2021)	styremedlem, ikkje på val
Ungdomsvara: Marie Hopsdal Brattebø	nyval
1.vara: Hildegunn Samland (2021)	attval
2.vara: Siv Mælen Strømmen (2021)	nyval
Revisor: Magnar Sollesnes (2021)	attval

Styret hadde ingen ordinære styremøte i (2021) Arrangementsliste med repertoaroversikt for JU blir lagt ved i protokollen.

JU 30.mars 2023

v/Anne Karin Stormyr, leiar